



Månadsbrev september 2016

Sommarmånaden august går alltid like fort, og me er allereie over i ny måned. Trea gulnar og kveldane blir kaldare, men **overnattingsturen** til Sigurdshedlar gjekk fint, trass ein våt tysdag. Eg var utkalla på todagarsmøte i Lyngdal, så eg fekk ikkje vera med, men forstår at alle koste seg, ungdomsskuleelevane tok godt vare på dei minste og lærarane let seg ikkje provosera av håpefulle nattevandrarar.

Informasjonsheftet, som eg lova i løpet av august, vert sendt heim på måndag, og alle yngstelevar i kvar familie skal få. Møta er i gang! FAU konstituerer seg 7. september, medan mellomtrinnet og ungdomsskulen har foreldremøte 6. og småskulen 14. september.



Eg vonar alle har lese mykje og hugsa å levera inn lesepasset til **Sommarles 2016** 1. september. Det kan vera etternølarar får levera måndag 5. om dei spør Vigdis fint.

Den kulturelle skulesekken startar allereie måndag 5. september med konsert for **ungdomsskuleelevane** med Sara & Arash, eit søskenpar med foreldre frå Iran, som bur i Kristiansand og rappar på vaskeekte sørlandsdialekt. Dei rappar om oppvekst, fleirkultur og kvardagsrasisme, men mest av alt om å sjå lyst på livet (<http://vaf.ksys.no/produksjon/49311>).

Barnetrinnet fortset med "Lyden av Munch" måndag 12., der muskarane i bandet *Sphinx* utforskar om det er lyd i andre bilete enn "Skrik". Der kan du mest høyra skriket! "Det er akkurat som om musikerne snakker om bildene, uten ord, med instrumentene sine. De gir lyd til fargene, figurene og stemningene i maleriene." (<http://vaf.ksys.no/program?inst=257>)



Det får ikkje 7.-klassingane med seg, for dei reiser med Kristina til **Haraldvigen** på **leirskule** 11.-17. september. God tur! 1.-4. klasse på Sinnes og Tonstad har felles aktivitetsdag på Tonstad 29. september.

Lærarane held fram med **SKU og klasseleiing** allereie 13. september, medan Lena, Hilde og underteikna reiser på **UNESCO-skulenettverkssamling** til Drammen 21.-22. Det er viktig å følgja med på forskingsbasert skuleutvikling, så Hilde og underteikna skal på **studietur for skuleeigarar/skuleleiarar** til SEPU og Thomas Nordahl på Hamar 27.-28. Tema vil vera lærande regionar, kultur for læring, kollektive utviklingsprosessar og lærande fellesskap. Då får det vera nok reising for ei stund, sjølv om underteikna skal på møte og samlingar om BTI (Betre tverrfagleg innsats) rett som det er... Skulle de ha behov for kontakt, må de berre ringa, men ring to gonger, for då forstår eg at eg må ringa opp att!

Sinnes 02.09.16, *Ase-Berit* (rektor)